



**NYTT OG GAMMALT:** Sjølinjen er eit bergensk monument over moderne kommunikasjonar. Oselvaren er ein fin kontrast.

**NAUST TIL ALLE //** Tre mann ved årene i ein Oselvar. Truleg har ikkje Nordåsvatnet sett slikt på tiår. Kjell Magnus Økland og Atle Bergseth håpar prosjektet om fellesnaust for folk flest skal gi nytt liv til tradisjonsbåtane.

# Vil gjera dette til eit vanleg syn att

**KNUT LANGELAND**  
knut.langeland@bt.no  
foto FRED IVAR UTSI KLEMETSEN

– Noko som har vore så vanleg, og så rotfesta i vårt kultur, det må det vera eit stort potensial for å vekkja til live att, seier Kjell Magnus Økland.

Kontrasten mellom båten og bruva vi lirkar oss under, er slåande. Økland håper tradisjons-

båten kan få sin renessanse.

Når nokon i dag skal ro, skjer det som regel på eit treningscenter. Det er djupt ironisk, synest Kjell Magnus Økland.

Han vil ha roaane ut att på fjorden. Då må båtane gjerast tilgjengelege for allmenta.

## Kystkulturtildob

– Tanken er å etablere fellesnaust med båtar i, lett tilgjenge-

lege for folk flest, seier Kjell Magnus Økland.

Han er dagleg leiar i Stiftinga Kystsogevekene og har skrive sjølve praktkverket om Oselvaren, båten som i 2009 vart kåra til Noregs nasjonalbåt.

Hans mandat er å få i gang det han kallar for kystkulturtildob. Det var nærliggjande å prøva å blåsa liv i rottradisjonen.

– Ein gong var Oselvaren

minst like viktig i folks kvardag som bilen, mobilen og alle fjernkontrollane våre til saman er det i dag, seier Kjell Magnus Økland.

Han brenn for tradisjonsbåten.

Ein tur i ein av desse båtane er ei intens sanseleg oppleveling, men det er også ei sterkt eksistensiell oppleveling av at ting stundom treng til den tida som ting tek.

Når motvinden ruskar i årene, er det naturen som bestemmer kor fort det går.

## Kartlegging


Ideen om fellesnaust er rundt eit år gammal.

Økland og Bergseth driv no og kartlegg mogelege lokalitetar, lafterskel møteplassar som kan kombinera folkehelse med folkeopplysning, samstundes som sjølve kulturtradisjonen som båtbygginga representerer, blir halden i hevd.

I plan- og bygningsetaten i Bergen kommune er dei positive til planane.

Nordåsvatnet er prioritert for idrett og friluftsliv, og planane om fellesnaust gir godt inn i dei langsiktige vyane for vatnet.

– Vi trur at slik aktivitet kan



**STOPP:** Med ein robåt kan du ta deg fram nelen til «Dødehavet» kom vi ikkje.

passa godt inn, særleg i den indre delen av Nordåsvatnet, som ligg relativt skjerma for vêr og vind. Men det er sjøvsagt ei utfordring å finna ei tomt som det kan byggjast på, eller ledige naust som kan overtakast.



nesten overalt. Men her vart det stopp for seksæringen «Babben». Gjennom tun-

Det seier Ole Roger Lindås. Han er rådgjevar i plan- og bygningsetaten og er blitt kopla opp mot fellesnaust-prosjektet fra kommunen si side.

– Ideen er god. Dette høyrest veldig interessant ut. Alle kan

ikke ha sitt eige naust, seier Lindås.

Initiativtakarane vil ha naust i kvar kommune, gjerne fleire.

Berre i Nordåsvatnet meiner Økland det bør vera grunnlag for fleire slike fellesnaust.

Han har blinka ut ulike moglege lokalitetar og har god tru på at ideen vil finna klangbotn hjå både nausteigarar og grunn-eigarar.

I neste fase skal kontakt etablerast med privatpersonar, organisasjonar og institusjonar.

– Slik vil vi kunne avdekkja kor det er håp, og kor det ikkje er det, seier Økland.

#### Fåfengt i ei travel tid?

Det går bølgjer med kvite skumtoppar på over Nordåsvatnet.

Sjølv i ein smekker Oselvar er det vindfang, og i vasskuterens tidsalder kan det synast som eit fåfengt prosjekt å skulla gjera norske tradisjonsbåtar til eit vanleg syn att på fjorden.

Men så kjem vi inn i livd bak ein holme, og seksæringen skyt fart.

Ein barnehage på tur har fått auge på oss og helsar energisk frå stranden attmed Bergens Roklubb. Morgondagens roarar.

#### Avtale på plass

Økland og Bergseth tenkjer seg eit samarbeid med både roklubar og andre idrettslag.

Ved Storavatnet i Meland, Bergseths heimkommune, er det på plass ein avtale om langtidsleige av eit naust.

Kommunen er også i gang med å leggja til rette med både vegtilkomst og flytebrygge i Rylandsvatnet ved Rossland skule.

– Det er nok her planane pr. i dag er nærmast realisering, seier Økland.

#### Tanken er å etablere fellesnaust med båtar i, lett tilgjengelege for folk flest.

Kjell Magnus Økland

#### Danmark og Finland

Om folk i ei hastig tid har tolmod til å ro, er sjølsvagt eit spørsmål.

Utviklinga i nokre av våre naboland gir håp.

I Danmark har til dømes turroinga ein sentral plass i mange folks og familiars liv.

Også i Finland har roing i gamle kyrkjebåtar blitt ein omfattande og populær aktivitet.

Ikke alle tankane rundt prosjektet som skal gjenreisa roinga her på våre kantar, er ferdigtenkte.

Finansieringa er framleis uviss. Som eit første tiltak skal det søkjast om midlar frå Forbundet Kysten. Nok til å få bygd to-tre båtar.

#### Meir enn færinger

– Vi trur det finst folk som er villige til å låna oss båtar som kanskje har vore gøymde bort i eit naust i fleire år. Samstundes er det viktig at vi får sett nye båtar i bestilling, slik at dette tradisjonshandverket blir halde i hevd, seier Økland.

– I våre naust skal det liggja både seksæringar og attringar. Saman med færinger og aarinagar, båtar med bere eitt årepår.

– Undervising, turisme, folkehelse, integrering av nye landsmenn, sportsroing. Dette er eit prosjekt som kan vera nyttig i mange samanhengar. Vi vil gjerne ta tradisjonsbåten inn att i kvardagene til folk. Han skal ikkje berre vera til pynt, seier Økland.

**Vi trur at slik aktivitet kan passa godt inn, særleg i den indre delen av Nordåsvatnet, som ligg relativt skjerma for vêr og vind.**

Ole Roger Lindås, rådgjevar i plan- og bygningsetaten i Bergen kommune



**INNSATS:** Brua er låg, men med litt velvilje lukkast vi i å lirk oss under.



**ENTUSIASSTAR:** Kjell Magnus Økland (nærmast) og Atle Bergseth er ihuga talspersonar for roing og for tradisjonsbåtane som kan brukast til føremålet.



**GØYME IDYLLER:** Gjennom smale kanalar tek vi oss fram. Nordåsvatnet har mange velhaldne naust, men også somme som tilsynelatande ikkje har vore i bruk på ei stund. Nettopp i slike naust håpar Kjell Magnus Økland og Atle Bergseth å laga nytt liv.



**TREBLØRER:** Nevane får prøvd seg når ein robåt skal roast. Roing er god trenin, men det er jo litt underleg i vår kultur at ein i dag må på treningsenter for å ro.